

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 70

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Vanylven

Emne: Frå robbat-til motor

Bygdelag:

Oppskr. av: Hans Vidnes

Gard: Vidnes

(adresse): Firkåbygda.

G.nr. 24 Br.nr. 6.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eg er nok for SVAR ung, men
 veit då noko, overgangen kom
 i vår bygd rundt 1905. Eg
 er fødd 1901. Men eg viser
 til Afskriftet for Sunnmøre
 historiske lag i 1958. Der står
 ei utgreiving om saka. Elles
 vil eg på my gjeru merksam
 på at lærar Olav Björlykke,
 Mesund, som er knytt til
 Sunnmøre Museum, kan
 kan "etnologiske" vende seg
 til som ekspert i dei flestalle
 emne som dei arbeider med.
 Over alt i Vanylvsfjorden hadde
 ein større og mindre robbatar
 med gavl, og ein spelbåt ved
 kvart robblag, men dei båtene
 ser vi køl frå her.
 Vi hadde kvart næst ein
 eller to "feringar", ein for
 "ungemennene" og ein for køv-
 mennene. Iust i fjorden
 brukte dei "nordfjordferingar".

2.

2.


Gjelt i fjorden brukte dei "volda =
feringar". Den fyrste var lett på
land og sjø, lettrodd og lett-
dregen. (Han skulle "setjast inn"
i naustet etter bruk) Han var
og god i sigling. Men låg =
karda som han er, er det
lite i berge seg på i vind og
stor sjø. Voldaferinger var
kreiare og tolde mykje sjø.
Gladværingane brukte nordfjød-
feringar, men bygde dei opp
eit bord. Alle desse båtene
hadde fire årar og tre tofter.
Dei vart brukte under fjord-
fiske, og i stilt ver også utfor
land, i havet. Dei høvde for
ein og to mann. Hvar
preikesundag vart dei brukte
til kyrkjebåt.

Øg Ivi hadde dei herøringene,
eller også "starferinger". Den
siste kunne og brukast av
tre mann, to på framtofta.
Han hadde berre fire årar,
men var så mykje større
og tolde meir veret, og hadde
"fiskerom", som låg mellom
dei to årroma. Han vart
brukt på lengere fisketurar,
og som skyssbåt vart han
gjærne rodd av tre eller fire
mann. (preteskyss).

3.

Trerøringen var bruket på same målen, men var snar sjeldan enn storferingen. Hørste bruka hadde jamt storfering, men der var berre få tre-røringer i fjorden. Han var og bruket som kyrkjebåt i uver, og til sildeturar ut i Van-ylvsgapet når ein ville få seg vårsild, til "hektasild" og "leppasild". Ein slik var mykje bruket til presteskys. Den gjekk på omgang i sokna. Of eldre tid hadde nokre båtar dei kalla "fjærfar". Dei var brukte til hav- eller kystfiske i sesongfiska helst, etter sild og torsk. Eg er for ung til å vite noko om dei; har knapt sett ein slik. Dei var på skap som feringar, men var store og hadde minst(?) fire røder. Of Det var "storebåtane" som var brukte til sesongfiska på kysten her i min barndom (f. 1901); sjølv har eg rott fiske" berre med motorbåtar. Av "storebåtane" var det to slag, "soringane" og "moringane", og før (deira tid) hadde


inn "soringane" til kyst- og
 havfiske ved sida av slike
 båtar som "fjorafarane". (Uvisst
 om kjønnet). "Soringane" hadde
 tre toffer + styretofte, også i
 alt 8 tollegangar (?). Vart vanleg
 rodd av 6 mann, og styrman
 var brukar attåt ei år som
 han skuta med, og skifte ho
 frå inn sida til den andre,
 eller som det krongst, medan
 han heldt i styret ^{vølen} med andre
 handa. Seglet var firkanta,
 og vart bore opp av ringar
 som "flaut" rundt masten og
 av "sprit-stonga" (?); som
 gjikk frå nedste hjørnet ved
 masten og til ykste ørste hjør-
 net av seglet.



Attåt hadde
 dei fokke ^{og kløver og toppsegel}. Det var visst
 sjeldan soringane brukte
 klyver. for seglet og
 fokka var store nok.

Dei korta dei inn med
 "rev", sjå skema på teikninga,
 det var lause logendar på
 bae sider av segla, som vart
 rulla opp nedanfrå. Difor
 har vi ordspriket om "å ta
 rev i segla" når nokon
 er for framfus i eit eller

annar,



Måringane
hadde ei
anna slags
seglføring, enn
dei gamle øringane.
Det var

„bomsagl“ sjå x, det er kommers
se. Det heldt toppseglet opp,
Så hadde dei og toppsegl og
kløver også. Begge desse bått
typer hadde dei i fjorden
i min (ungdom) barndom,
den siste, ein søring, vart
brukt siste gongen i 1960⁽³⁾
var det kanskje? Då var
overgangen til motor i full
fart ^{eller} for det meste innagj-
ord. ^{sunne steder på Sunnmøre} Eg er ikkje den rette til
å greie ut om dette, men
viser til Sunnmøre seglag
sine skrifter. Den gamle store
sunnmørsøringen hadde
kåsegl, og berre eit segl. Siglinge
vart så tungfôr, for seglet
måtte fyrst kvar gong
ein skulle gjere ny baul.
Fjorefara og øringane kvar
bort frå sjøen eller kvart
kårebåtare og måringane
med si herblegare seglføring

rigga i levlinga.

Den bur seg til fiskjaking 1855.

6

Frå eldgammel tid har båtar blitt dregne over Dragsøidet. Kjem namnet av det? Stadens slikk hovudet sitt ut i opne havet. Ivar strømm og sjø kan slengje seg rundt i rekvis. Foranfor ligg smulare fiskeplassar, som Sildegapet, Frøybjævn og Tøgsfjorden og Fåfjorden. Difor var båtene siglde sør om i god tid for jul. Då var dei tjera og draga og alt i ord. Kvinfulka spann hamp, og mennene hatt sildegarn, "kval-sildegarn", 100 manskar djupe og svart storbundne. Den tida gjekk det mykje på trekvil, helst av selje eller anra lett material.

Hampsen kjøpte dei i Bergen.

Dit for dei ofte, både med jakter, og med robåtar.

Han alias Larsen Lylle f. 1850

d. 1936 gift 1880 med Jacobine Myklebust, tok såleis

kjæresten si i ein fering og siglde til Bergen og kjøpte

14894

7
7.
inn til brudlauget. Så skulle
lag og dubl arbeidast. og og.
Dii snura lag når det ikkje
var altfor tjukt. Ljøhyra var
av skinn, av kalv eller geit.
helst. Tanylvingane var frå
gamalt hatt ^{godt} vurd for skinn-
hattane sine. Eg har ikkje
sett nokon. Dii brukte helst
skinnbrakk, men eg har sett
ei gamal skinnbrak i bruk,
dii brukte det og. Trøya var
vist heil framme så dii
drag ho ned over hovudet?
Støvlarne var høge, rakk åt
kneledeu bak og framme
gjekk ei flik opp over kneet.
Så var det maten. Syrekaggen
stod ferdig frå hausten av,
og havrebødet var av det gode
gamle, som dii steikte for
slatten. Attåt matte det vere
kjøkketkar og fleskestykke.
Så kom hellekakene i eit
lad sett ned i sjökista, og
raspaball høyrde og med.
At hymygla etter kvart la
seg over det heile, grønt og
røykt, det høyrde med.
Så for dii då ein dag, til
Kjødspoll, eller Leikanger Stad,
fekk i hest med høyslede

til å drage det heile over, alt
 dei ikkje vann berre. Og så
 tok firkja til. Det hende seg
 nok at heile katedralaget ikkje
 såg bygda att. Det var eit
 hardt liv. Gilda selde dei pr.
 stykke, handtvilde og talde
 ho opp til kjøparane, som
 salta for Østersjøen. Om natta
 heldt dei til på budene sine.
 Gilda var så årviss at vane-
 ylvingane hadde buder på
 Gilda og i Kalvåg, t. d.

Under sigling hadde kvar
 mann sin plass. "Hoved-
 mannen" gav ordre og
 alle lydde han. Han sat
 med roret. Imaksere heldt
 han og storseglskjøp, om
 dei andre var opptekne. Elles
 var det ein mann for
 kvart segl minst, og ein aust.
 "Ligdemann" (eller mennene)
 hadde ikkje garn eller beine,
 dei hadde berre ligdemann-
 løn. Ein "to-garnsman" ²
 hadde to borsegarn i kvar
 set og fekk fisken av sine
 egne garn (rundt 1900). Ein
 halvdeling hadde ikkje garn
 eller anna beine, men fekk
 halv mannstrib.

Heimreise om våren var gjerne ein dag med god bær. Det var helst så at dei slutta på same dagen. Det var eit fint syn å sjå alle båtene kome inn etter fjorden. Her var mange som heldt ute båt, 5-6 menn på kvar båt og alle skulle ro fiske. Dei tok gjerne ein tur heim med sild, til matsild. Det var helst på værparten når dei var karnne nord om Gladen eller sild som kom inn på Vanylvsgapet. Gilda hadde så utlag mykje i sea i huse haldet. Dei "leppa" ho, eller "hekla" ho (kubbesild), og då var ho best karkje skinn eller altfor feit. Dei bar og sild over Marsidet eller Dragsidet og fekk^{ho} over fjorden med båt til Vanylven.

II. Dei fyrste som fekk motor i vår bygd, var Gullik Ottesen Brekke. Han kjøpte ein brukk, og brukte han i fiskja etter på Kakkallestrand høstleg & høst 1911.

Dei andre fylgde fort etter. Summe byggde om dei gamle storebåtene og sette motor i dei. Dei fleste fekk seg

14894

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

x Gullik hadde eit eller fleire av hatt ein annan liten motor = båt som henta varer fra damos skjøttene i sjøen.

10.
10.
bygde & klinkerbygde båtar på
Bjærkedalen, Tolda. Det var
 gjerne "Hvir", "Alfa", "Gideon",
"Hjellest", eller "Vikmanns"-
maskiner dei fekk innsette.
Båtane var helst små, ca
30-36 fot. Dei hadde liten
lugar, og karane loserte seg
inn på losihusa på Gaudor
hamn, Farnavåg, eller Skot-
holmen, der dei hadde losert
før. Det var vanleg at dei selde
fisker sin til dei fiskekjøparar
dei budde på. Dei hadde
kokkegjenter som stelte koka-
maten åt dei, "surrematen" heldt
kvar seg sjølv. Dei hadde sunn
dei gamle matakistene med
seg, med havrebrød, potetkatt,
"brøgraut" (kokt av saup) med
seg. Så kom dei vore tørsker
åra frå 1909 og utover til til
1916. Drifta var svært lønnsam,
pengane fløynde inn. Ter-
leg var silda dyr. Dei dreiv
etter sild og på dei nye båtane,
det var slutt med laudsetene
no. Når dei så kom heim, skulle
det vere "feralag". Då dulle dei
pengane, å ja, ein dram og
kanstje meir skulle delast
og etter gamal skikk.